

969353970

MARIUSSEN ATLE

Mobilnummer

901 57 708

E-postadresse

atlehm@live.no

Kontonummer **** * 05926

Vedtaksdato

10.12.2021

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

16.09.2021

Vår referanse

2021/8014, Agros 163492

Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Gjerding av tidlegare rydda areal

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 19 600 kroner i tilskot til MARIUSSEN ATLE til Gjerding av tidlegare rydda areal. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.09.2024.

Alver kommune viser til søknad av 16.09.2021.

Bakgrunn i saka

MARIUSSEN ATLE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 16.09.2021. Du søker om totalt 19 600 kroner i tilskot for tiltak perioden 30.09.2021-30.09.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 39 200 kroner.

Det er søkt om tilskot til å setje opp 490 meter med gjerde rundt beiteområde på GBNR 437/4. Området ligg i forlenging av eksisterande beiteområde. Området er alt rydda for einer i samband med tidlegare SMIL-sak. Det er naudsynt å få sett opp nytt gjerde for at området skal kunne nyttast som beite.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til taktet skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Administrasjonen har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1. I henhold til gjeldande SMIL-strategi for Alver kommune er rydding og gjerding av innmarksbeite eit prioritert område, herunder utviding av eksisterande beiteområde. Det omsøkte arealet ligg i forlenging av eksisterande beiteområde og er såleis ei naturleg utviding av dette. Her er gjort ein stor jobb med rydding over ein lang periode og ein har fått til eit godt og tenleg beite. Det omsøkte området er alt rydda for eine i samband med tidlegare SMIL-prosjekt (sak 2020/9584, agros nr 132219). Kommunen meiner at det er viktig at området kjem i bruk som beite raskt for at ikkje dette arbeidet skal vera bortkasta. Det gamle gjerdet er ikkje brukbart, og det er difor naudsynt å få sett opp heilt nytt gjerde.

Vedtak

Alver kommune har vedtatt å løyve inntil kr 19 600 til inngjerding av beiteområde på GBNR 437/4.

Kommunen nyttar standard satsar for kostnad til gjerding på 80 kr per løpemeter.
Godkjent kostnadsoverslag:

Tiltak	Kostnad
Gjerding 490 m * 80 kr/ m	39 200
Tilskot (50% av kostnad)	19 600

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 19 600 kroner i tilskot.

Vilkår for tilskotet

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 30.09.2024. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving, seinast ein månad før oppsett frist går ut.
- Gjerde skal vera permanent med gjerdenot, toppstreng og bendsletråd.
- Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.
- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak, inkludert rekneskap.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid

- Bilag på innkjøpt materiell/ innkjøpte tenester
- Foto av utført tiltak

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttregneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 39 200 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge